

Eit sekshundreårsminne 1381—1981

Av Arne Dag Østigaard

Det er jo sjølsagt sjeldant at vi nordøsterdøler kan feire eit seks-hundreårsjubileum. For vi veit jo heller lite om tida så langt tilbake i historia vår. No er det stort sett ikkje mange skriftlige minne frå mellomalderen elles i landet vårt. Så i dette lyset er eit skjøte frå 1381 svært så interessant. Det er om sal av noen gardar i Alvdal og Tyllidalen, og handelen blir tinglyst på Gildevangen i Ålen sommaren 1381, ikkje mange år etter den såkalla Svartedøden i 1349 og 1350. Skjøtet vart skriva på pergament, og originalen er i Riksarkivet og trykt i samlinga *Diplomatorium Norvegicum*. Og slik står det skriva i originaldokumentet:

«Ollum monnum þeim sëm þetta bref sea ædr høyrasændæ Æirikær A(m)unsson þollæifuer Gunvlfsson oc Hælghe Siughurdæson q. g. oc sina. mer ærom ydr kunnik at aa manadaghen næst æftir Petærs voku a settæ are oc ættæ rikis vars vyrdulegs herra Hakonar med guds naad Noregs oc Suyia rikis konongs: varom mer j Aall sokn aa gildis vangenom sëm ligr j Gaulæ dall: saom oc høyrðum a at þ væittum vidrgongu firir okkær oc flæirom odrum godom monnum: Ællændær þordæson oc Sualaugh Lionsdotter kona hans: at þau hofðu sælt Gudridu Siughurda dottor: Tuæggjæ aura bol iærdær i Sudagarde er ligger j þyllærdale halfs øyris bol j Stæigh j Ælfuærdale øfra oc sua mykyt j Dals æg sëm af ganga sæx mækr smærs: frialsær oc hæimhollær firir huorium manne med ollum þeim lutum oc lunnyndum sëm þær til liggjæ oc leghet hæfuer fra forno oc nyio vtan gardz oc innan: kiænduz oc en þa fyrnæmfð hion Ellendr oc Sualaugh kona hans at þau hofðu vpboret at adr næmfðre Gudridu fyrsta pænigh oc æfsta oc alla þær j mildium: firir optnæmfðar iærdær at ollu iæmna fullu sëm j þæira kaup kom: oc til sannynða her vm sættum mer wor in sighli firir þetta bref er gort æftir dæghi oc tima sëm fyr seghir.»

Omsatt til nynorsk anno 1981:

Til alle dei mennene som ser eller hører dette brevet sender Erik Amundsson Tølløf Gunnulvsson og Helge Sigurdsson Guds og si eiga helsing. Me gjer det kjent for Dykk at på den første

måndagen etter Persok i det seksogtjuande året vår vørdelige konge herre Håkon med Guds nåde var konge i Noreg og Sverige, var me på Gildevangen i Ålen sokn, som ligg i Gauldalen. Me såg og hørte på at dei gjorde kjent for oss og fleire andre gode menn: Ellend (Erland) Tordsson og Svalaug Jonsdotter, kona hans, hadde selt Guri Sigurdsdotter to øyresbol jord i Søgarden som ligg i Tylldalen, eit halvt øyresbol i Steig i Øvre Elvdal (Alvdal) og så mykje i Dals Egg som det går seks merker smør av, frelst og heimla for kvarmann med alle dei lutane og lundane som ligg til og lege har frå gammalt og nytt, utagards og inna(gards). Førnemnde ekteparet Ellend og Svalaug, kona hans, gjorde da og kjent at dei av førnemnde Guri hadde teke mot første og siste pengane og alle dei i mellom for ovannemnde jordeigedommar, i alt og eitt etter kjøpeavtalen.


Og til sanning på dette sett me innseglet vårt på dette brevet, som er gjort dagen og tids som før er sagt».

Som ein ser liknar språket gammalnorsk, men representerer heller ei overgangsform til mellomnorsk (1370-1520). Det var det skriftsspråket som det norrøne skriftsspråket utvikla seg fram til det vart heilt erstatta av det danske etter reformasjonen. Det nynorske skriftsspråket frå 1850 og utover har da vore eit godt forsøk på å følge opp linja gammalnorsk - mellomnorsk - nynorsk.

Skriftsspråket den gongen hadde ofte lokale trekk. Og eit av disse kan vi sjå i forma *mer* (me). Også i dag har mange dialekter i Nord-Østerdalen denne forma. Så det har tydelig vore ei uavbroten linje heilt fram til i dag. Elles har jo også målføra hos oss halde på dativen slik vi finn den i dokumentet.

Handelen er gjort på første måndagen etter Petersvaka (Persok). Denne katolske dagen var 29. juni. Og det er altså dei tre gardane Søgard, Steinen og Dalsegg som er til salgs. Dei to første kjenner vi den dag i dag, men det kan vere litt verre å finne ut kor «Dals Æg» har lege. Det kan vere så vel Eggen i Tylldalen som Eggen i Alvdal. Eggen i Tylldalen nemnes så tidlig som på første av 1500-talet, så den har heilt sikkert vore til før Svartedøden også. Elles kan det vere Egg i Dalsbygda. Garden Dall der er med i matriklen frå 1520. Og Dalsbygda er sikkert oppkalla etter denne gamle garden.

Det er Erlend Torsson og Svalaug Jonsdotter som sel eigedommar til Guri Sigurdsdotter. To kvinner er med på handelen!



Sjøl ikke i dag finn vi slik ei likestilling mellom mann og kvinne. Det var vel den gongen som mange forskarar meiner, ikkje minst Sigrid Undset, at den norske kvinna i mellomalderen sto ganske sterkt i samfunnet. Først reformasjonen tvinga ho tilbake(?) til ein meir anonym plass. I katosk tid var jo den aller fremste helgen sjølvaste Jomfru Maria og i Norden hadde vi både Sankt Sunniva og Sankt Birgitta blant dei fremste. Det kan også nemnes at Tynsetkyrkja frå 1211 blant andre vart vigd til Sankta Margareta av Antiokia.

Dessuten var det den gongen trulig fortsatt sterke og lange tradisjonar frå den såkalla matriarkalske tida, da ein enda ikkje heilt forsto at også mannen var med på å lage barna. Så len-

ge dette var hemmelig og mystisk, måtte det føre til at kvinnaes stilling var sterk. Det var ho som var Moder Jord, sola og elva var også hokjønn, og brakte mat og god grøde for menneska. Det var hokjønnet som førte ætta vidare og fødde flinke jegarar og sterke krigarar til denne harde verda, slik at stammen skulle overleve. Det er dette samfunnet som granskaren Ivar Mortenson Egnund meinte å finne i dei gamle Eddakvada. Så om ikkje kvinna sto heilt øvst på rangstigen i norsk katolsk tid, var det først Martin Luther og den mannssjåvinistiske gjengen hans som forsøkte å sette kvinna heilt utafør i det nordiske samfunnet.

Sjølve namna vi finn på brevet fortel også noe interessant. Det er Erik, Amund, Tølløf, Gunnar, Helge, Sigurd, Erlend, Tor, Svalaug, Jon og Guri, om vi skal skrive dei i litt meir moderne form. Mange av disse namna har levd i Nord-Østerdalen fram til i dag. Svalaug og Erland har forsvinne i tidas løp, men har dukka opp att i Tyllaldalen i dag. Elles kan ein merke seg at mest alle er heidenske namn. Seinare kom kristne namn til Nord-Østerdalen, men etter det ein kan sjå først lenge etter Reformasjonen. I matriklen frå 1528 er det helvta med kristne namn etter det ein kan sjå. Men gammal namneskikk i Nord-Østerdalen er vel verdt ei eigen artikkel, så vi får komme tilbake til den saka!

Erik Aundsson, Tølløf Gunulfsson og Helge Sigrudsson er helst lagrettesmenn. Slike fungerte enten som domsmenn eller vitne. Disse var blant bygdas fremste menn. I dansk tid vart funksjonane deires etter kvart overtatt av sorenskrivaren, slik at lokalsamfunnet mista meir av makta si på bygdetinget. Kor Erik, Tølløf og Helge er i frå er også eit vanskelig spørsmål å svare på. Sia tinget er i Ålen, kan dei sjølsagt vere ålbygger. Det var naturleg at lagrettesfolka vart tatt av dei næraste som hadde svore til lagmannen. Er dette rett, kan ein sjå at namnetradisjonane må ha vore like i Nord-Østerdalen og Øvre Gauldalen. Denne kulturfellesskapen ser ut til å ha levd fram til i dag i språk, husbygging, klede og skikk og bruk elles.

To uttrykk er ukjende i dag. Det er øyresbol og frelst. Eit øyresbol var 1/8 markebol. Eit markebol var ein jordegodseining som før Svartedøden og landsskyldfallet normalt skulle svare ein årlig landskyld til ein verdi av ein forngild mark. Landskylda av eit markebol kunne betalast med for eksempel 3

paupar smør. Den jorda som Guri kjøper, er da ikkje taksert til to øyresbol på Søgarden, men det er da skatteverdien på garden. Elles var ein mark om lag 214 gram. Seks merker smør blir da om lag 1,2 kilo smør. Det var ikkje vanlig at sjølve kjøpesummen sto nemnt. Heller ikkje på dette skjøtet. Men i staden står trulig skattetaksten. Dette var opprinnelig den gamle leidangsskatten som vart utlikna på grunnlag av landskylda, og steig eller fall med den. Innafor grensene av det gamle Frostatinget vart leidangen betalt med smør eller mjøl. Stort sett var det elles skinnvarer som vart brukt som leidangsskatt i dei trøndske fjellbygdene. Det seies elles at i Østerdalen vart leidangen betalt med like mye av kvar mann eller gard. Men det ser ikke ut som om Nord-Østerdalen tilhørte dette systemet, så dette må vere nok eit bevis på at vi opprinnelig hørte til Nidaros bispedømme. Dette bispedømmet følgte sikkert dei gamle lagtingsgrensene da det vart oppretta i mellomalderen.

Frelst og heimla i kombinasjon tyder at ein kunne kjøpe dette utan å vere redd for søksmål om odel o.l. etterpå. Frelst tyder elles fritt, og heimla har vi i dag i det juridiske uttrykket heimel (hjemmel).

Skjøtet er altså tinglese i Ålen. Men korfor ikkje på den gamle Gildevangen ved gammalkyrkja på Tynset? Trulig kan det vere slik at lagmannen på Tynset har dødd under Svartedøden. Derfor måtte dei handlande reise til næraste tingstad som da har vore Ålen. Elles ser det ut til at Nord-Østerdalen må ha vore hardt ramma av Svartedøden i 1350. Det seies at Haltdalen og Ålen slapp billig unna, slik som visst nok Herjedalen og Jemtland også gjorde. Her får vi i alle fall ein liten samanheng i korfor skjøtet blir tinglyst i Ålen. Ein annan tingstad innafor Frostating må ha vore Oppdal. I katolsk tid har Tynset (Heile Nord-Østerdalen) vore anneks under nettopp Oppdal. Det hadde vore naturlig at handelen hadde blitt gjort der. Men kanskje fans det for tida heller ingen lagmann på tinget der?

Det går også sagn om at Nord-Østerdalen, i alle fall Vingelen, vart busatt av folk frå Gauldalen etter Svartedøden. Er det da ålbygger som handlar? Det er i det heile flere spørsmål dette sjeldne dokumentet stiller enn det egentlig svarer på!

Det er altså bare tretti år etter pesta når vi skriv persok 1381. Det luktar nedgangstid på alle vis. Det var i tillegg blitt eit kaldare klima i landet. Det vart mindre mat å dele. Folk vart svek-

ka og mindre sterke mot sjukdommar og epidemiar. Vinteren 1359/60 var den store barnedøden. Det var visst nok ein koppar-epidemi. I 1370/71 herja drepsotten, særlig i Vika (Oslo). Større pestrier var det også i 1379 og 1390. Så det var i sanning harde tider for folk i landet! Sagn fortel at Tylldalen vart avfolka eller at det bare var to personar att. Ny innvandring frå Sverige skulle komme, seier eit anna sagn. Slike sagn inneheldt mye sanning, men mange er såkalla vandresagn. Så vi skal ikkje legge alt for mye vekt på disse. For skjøtet vårt tyder på noe anna. Men at store delar av Nord-Østerdalen etter kvart vart avfolka etter 1350, det er sikkert. I Tynset hovudsokn må det ha vore 50 gardar om lag 1250. Så seint som i 1520 var det enda ikkje blitt fleire enn åtte! Først langt ut på 1600-talet kom folketalet i landet vårt opp på det nivået det var i om lag 1300. Slik kan det også ha vore hos oss, kanskje enda verre.

I L. Dietrichsons verk om Norsk Stavkyrkjer nemnes det med ei linje at det var vigsla ei kyrkje i Tylldalen i 1381. Men dette kan umoglig vere heilt rett. For det har heilt sikkert ikkje vore nødvendig å bygge noen nye gudshus i Nord-Østerdalen på lang tid. Først i 1640-åra skjedde det. I 1358 sendte kongen Håkon Magnusson ut eit viktig brev til oss. Der sto det at bøndene i Østerdalen fritt skulle drive jernvinna si i kongens allmenning og føre varene ned til Hedmarken og andre stader og bytte til seg det drei trengte. Dette skulle kongens ombudsmenn ikkje bry seg om og legge seg bort i, var kongens bodskap. Det var uro i Norden, og kongen trengte desperat til jern for å lage nye og bedre våpen. Elles fortel det om at aktiviteta med jernvinna hadde gått tilbake, slik at det galdt å få fram så mye som mogleg for kongens krigskanselli. For det var blitt sikkert færre folk som laga det viktige metallet etter Svartedøden.

Fire kyrkjer må ha stått og rotne ned no. Det er St. Olavs-kyrkja i Tylldalen, Kviknekyrkja, Vingelskyrkja og St. Laurentius, St. Tomas og St. Margaretakyrkja på Tynset. I 1379 het det at det bare var førti prestar att i Nidaros bispedømme mot heile tre hundre bare noen år før Svartedøden! Tradisjonen veit å fortelje at bare siraen (presten) i Tylldalen overlevde, og sagna fortel at folk kom langveisfrå for å søke denne tylldalspresten. Det seies også at dei gauldølane som busette seg i det folketomme Vingelen utpå 1400-talet, dro til prestane i Gauldalen i den første tida. Erkebiskopen var i Nord-Østerdalen i om lag

1480. Kanskje nytta han høvet til å innsette prest i Vingelen den gongen.

Det står i skjøtet at det er underskrive i kong Håkons tid. No døde han i 1380, og sonen Olav vart krona i Nidaros olsokdagen 1381, altså bare noen veker etter at skjøtet vårt vart skrive ned. Da gikk landet vårt inn i den unionen som skulle vare til 1814. Men folka på Gildevangen i Ålen først på juli same året visste **sikkert ikkje kva slags skjebnesvangre hendingar som skulle skje bare kort tid etter og heller ikkje så langt unna. Erkebiskopen Trond døde i 1381. Den nye het Nikolas Rusare. Han stal mange fine gjenstandar frå domkyrkja og frakta dei ned til København. Slik fortsatte det så i mange hundre år, blant anna med Olavsstatuen og biskopstolen frå Tyllidalen som vi veit. Men i 1381 får vi tru at dei fortsatt sto på plass i Tylldalskyrkja!**

Skjøtet skal offisielt vere frå 1381. Men det står faktisk at det er laga i det 26. året kongen var regent i landet. Dette må da bli 1380? Håkon vart jo myndig i 1355! Så sjøl om det står så vel i bygdeboka for Tyllidalen som for Alvdal at det er frå 1381, får vi sette eit spørsmålsteikn ved det lell. Men dette er bare ein bagatell. Vi får i alle fall vere glade for at denne vesle, men svært så **innholdsrike kjelda vart tatt så godt vare på på Søgarden i Tyllidalen. Kanskje dukkar det opp slike dokument på andre gardar i Nord-Østerdalen? Ta ein tur rundt i dei gamle husa på garden, leit i gamle skap og sjå deg godt om når hus blir rivne ned! Bare for noen få år sia vart det oppdaga eit dokument fra 1600-talet i eit skatoll i Vingelen, så det er ikkje utruglig at det snart kan dukke opp meir! Lykke til!**